



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 5. mars 2025

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Bjørn Harald Nybø og Inger Cesilie Fitje på Facetime.

Ord til opning v/ Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, referat frå 8. januar og sakliste.

Meldingssaker:

07/25 Sidan sist

Gudsteneste 19.januar: Ca. 80 stk i kyrkja denne dagen. 1 dåpsbarn.

Kveldsgudsteneste 16. februar: 13 stk. møtte.

Myldresamlingar 22.januar: 4 barnehageborn kom på myldresamling med bibelforteljing, teikning og fargelegging, leik og avslutta med kvelds til slutt.

Bibelgjengen (myldresamling for 1. og 2. klasse) 15.januar, 5. februar og 26. februar: 4-5 som møtte. Litt nye songar, bibelforteljing, leik og avslutta med kvelds/bollar.

Tårnagenthelg 18.-19. januar: 10 stk som deltok.

Mat & Prat 25. februar: 33 kom denne gongen. God samtale om «Livet, trua og tvilen» mellom Geir og Tarjei. God mat. Denne gongen var det mange born her, og under samtalen var dei i naborommet og leika.

08/25 Nytt frå Fellesrådet

Toril orienterer.

Neste Fellesråd-møte er 13.mars.

Heile referata frå Fellesråd-møta går an å lese på Høyanger Kyrkje si heimeside. Der ligg alle referat samla under fana «Om oss → Referat»

09/25 Høyring

«Retningslinjer for tilskuddsforvaltning i den norske kyrkja». Toril orienterte litt om korleis det har fungert tidlegare.

Vedtakssaker:

03/25 Gudstenester vinter/vår

9.mars Gudsteneste, klokka 11.00: 2 dåpsbarn. Eldrun er kyrkjevert og Toril er klokkar.

6. april Gudstenetse med fokus på fasteaksjonen, klokka 18.00: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Takkoffer til fasteaksjonen. Kyrkjekaffi.

17. april klokka 19.00 Påskemåltidet: Toril og Torunn skal jobbe med dette (sjå «Ymse»)

Planlegg desse gudstenestene på neste møte:

20. april Høgtidsgudsteneste klokka 11.00.

17. mai klokka 13.15.

29. mai Konfirmasjonsgudsteneste klokka 11.00.

15. juni Friluftsgudsteneste Norevik klokka 17.00.

Vi skal prøve å høyre med konfirmantane om dei vil bidra musikalsk i nokre av gudstenestene. Alle skal tenke litt på om det er andre som kan bidra med song eller musikk.

04/25: Aktivitetar framover

Vaskedugnad i kyrkja: Vi må ha det før konfirmasjonen, og på ein føremiddag. Difor blir det onsdag 14. mai. Torunn skal kalle inn og utfordre fleire – utanfor soknerådet.

Vårdugnad ute, rundt kyrkja: Det blir 29. april klokka 17.00. Regine lagar plakat.

Leirdag 23. juni: Soknerådet vil arrangere leirdag på Alværa måndag 23. juni. Vi vil invitere born frå heile kommunen og kjem truleg til å søke fellesrådet om støtte.

Makiklubb: Det blir 21. mars og Toril og Katrin tek ansvar for dette.

05/25 Årsfesten

Det blir som førre år, kjøtkaker og pølse med brød. Eldrun og Torunn lagar dette til. Regine tek med ei panne med kjøtkaker i glutenfri saus og glutenfri ertestuing.

Vi vil ha basar som i fjor, med inntekt til Fasteaksjonen. Alle kan ta med gevinstar om ønskelig.

Inger Cesilie bidreg med «Ord for ettermiddagen».

Mydresamlingbarna og Bibelgjengen kan framføre nokre av songane som dei har på samlingane. Maria tek ansvar for dette.

Regine, Katrin og Maria lagar kake/kaffimat.

Toril ordnar blome til Liv Aven.

Vedtak:

Vi les gjennom årsmeldinga på møtet, og soknerådet godkjenn denne.

06/25 Fasteaksjonen

Rode 1 Avsnes til Mjelleli	Regine og Jørgen
Rode 2 Indre Torvund til og med Avenbukta	Regine og Jørgen
Rode 3 Rå til og med Mosemyra + Bosdalen	Bjørn Harald
Rode 4 Frå Jorunn til Olav Bosdal til og med Kaptein Hartwigsveg	Ingrid
Rode 5 Stølsvegen + Ole Elias Holck veg	Marcus
Rode 6 Helsesenteret + Eldrebustadane	Eldrun
Rode 7 Kvamsvegen (+ Bensen til Galip)	Maria
Rode 8 Frå Gamleskulen til Bekken (+Aina, Inger og Aslaug)	Jenny-Krisina
Rode 9 Nedre Lavikdal (Frå Anngunn)	Wenche
Rode 10 Øvre Lavikdal	Liv?

Ymse:

- Teiknebretta i kyrkja treng litt oppgradering. Stikkane som skal haldre arka på plass er på tide å skifte ut.
- Påskemåltidet på skjærtorsdag er ein tradisjon soknerådet har hatt i mange år. I fjor var det svært få frammøtte, og vi drodlar litt rundt dette. Vi snakkar om at vi gjennomfører same opplegg (men kanskje i litt forenkla utgåve) i år, så skal vi heller snakke om vi kanskje skal gjere noko nytt til neste år. Det vert foreslått å ha noko liknade «Vi syng jula inn»/salmekveld, berre med påsketema.
- Toril skal kjøpe inn kaffi som vi kan bruke på kyrjekaffien.

Neste møte: 7. mai klokka 18.00

Skrivar

Lavik Sokneråd

Regine Borlaug Pettersen